



Sandaren som forsvann



Mr. John J. H. Barnes, Secretary
of State, Illinois, etc.,
Leland, Ill., May 10,
Genl. James A. Garfield,
U.S. President.




land around Merida. It was collected at the top of the Hacienda Pachón, where we camped on the 26th night of our stay in the Yucatan. The Yucatan Coqui is a small bird with a very strong voice, and it is the loudest of all the birds I have heard in the Yucatan. It is a small bird with a very strong voice, and it is the loudest of all the birds I have heard in the Yucatan.

Han blei fødd i 1840, men dødsåret hans er ukjent. Etter at han fekk sitt fjerde og siste barn - Maren Alette - i 1872, er det få spor etter Harald Olsen Myklebust, jekteskipperen som etterlet seg familie, småbruk og landhandel på Sa'n i Uskedalen.

Det er sagt at han utvandra til Amerika, slik andre kvinnheringar og nordmenn gjorde i høpetal i andre del av 1800-talet. Men ulikt utvandrarar flest er ikkje Harald Olsen

Myklebust å oppdra, korkje i norske emigrantarkiv, på passasjerlister eller i innvandrararkiv i USA. Harald er heller ikkje registrert som død i kyrkjebøker i Kvinnherad.



Harald Olsen, fødd 18. september 1840 og døypt ni dagar seinare, er andre barnet til gardbrukar Ole Torgersen fra Dossland og kona Cecilia Olsdatter fra Neset. (Frå kyrkjeboka)


Siste gong namnet hans er nemnt i offisielle arkiv er når dottera Maren Alette blir erklært død i Florida, USA i november 1930. Der står farsnamnet oppført som Harrel Muclebost. Maren utvandra med DS «Stavangerfjord» i 1922 saman med sin svenske ektemann, den 17 år yngre Charles Almquist. Medan barnlause Maren og Charles slo seg ned i Little River i Miami, er det sagt at Harald skal ha budd i Chicago eller delstaten Illinois. Men sok på immigrantarkiv, passasjerlister, dødsfall og nekrologar «over there» har ikkje gitt resultat. Samstundes er det slått fast i Kvinnherad bygdebok at dei to yngre brørne hans, Secelius (f. 1854) og Olav (f. 1856) drog

til USA, og at dei slo seg ned i vest på Stillehavskysten.

Siste gong Harald er nemnt i norske arkiv er som oppført forelder i kyrkjeboka for konfirmant Maren 16. oktober 1887. Der står «handlende Harald Olavson» ved sida av hustru Marta Johannesdatter. Før det var han nemnt i folketeljinga i 1865 for småbruket Nybøe (Nybo eller Sanden) saman med faren Ole (55 år, «husmand uden Jord»), mora Sella (54), tenestejenta Britta (21) og brørne John (23), Secelius (13, fødd medan dei budde i Vikedal) og Ole (10): «Harald Olsen, 25 år, ugift Jagtefører».

Tilbake frå Vikedal

Ole har flytta frå Sandeid/Vikedal med familien og byggjer huset på Sanden i 1863. Året etter at Ole dør, giftar sonen, «Ungkarl og søfarende» Harald seg med «pige» Marta Johannesdotter frå Vikedal i hennar heimbygd 25.august 1867, som er ein søndag. Ho er gravid, og det er faren hennar som forlangar bryllaupet tillyst. Ein eldre bonde frå Vikedal er Harald sin forlovar.



C. ægte-						viede. 1867		
Vifte- dag.	Brudgommens Naam og Stavn. Brudens Naam.	Brudgommens Fader og Opprinnelse. Brudens Farfar.	Brude- kona.	Brudgommens Faders Naam.	Brudens Faders Naam.	Jorleierneas Name og Opprinnelse.	Gjeldnings- dagen.	At barn tilhø- ringer er førtant.
25.8.1867	H. Olsen	Marta Johansen	Ro Torgersen	Ro Rosendal	Ro Ola. Kolls	Ro Rosendal	1st. Maj	

25.august 1867 giftar «ungkarl og søfarende» Harald Olsen seg med «pige» Marta Johannesdatter i Vikedal. (Frå Ministerialbok for Vikedal, Sandeid og Imsland)

Det er det som skjer like etter Maren Alette sin fødsel som framstår som eit mysterium i Harald Olsen Myklebust sitt liv. Alt i 1873 er kona Marta titulert som enkje. Det går fram av søknaden om «understøttelse» som svogeran hennar - Harald sin bror Torgeir, gift med Marta si halvsøster - sender til stamhusherre Markus Gerhard Hoff-Rosenkrone på Baroniet Rosendal like før jul i 1873. Ho «er i trange kaar og har flere børn at forsørge», skriv han. I juni 1874 får ho 3 spesidalar av baroni-legatet,

det tilsvrar kring 700 kroner i dagens verdi, knapt ei veksløn for ein arbeidskar på den tid.

Kva har skjedd med Harald? Kan han ha døydd på sjøen, i jektefart langs kysten eller på veg med eit skip over Atlanterhavet? Kan han ha teke ny identitet og reist til Amerika utan å varsle familien? Korleis kan han i så fall ha blitt erklært død berre 16 månader etter at Maren blei fødd?



Torgeir O. Myklebust og kona Akselina utanfor røykstova som vart flytt frå Hogganvik. Torgeir Myklebust var bas for brubygginga 1862-63.

Fins. Regnsk. p. 175.

Tie Bergens Magistrat
Haraldung Hoff Rosenkrone!

Ungholmets Martha ph. amandellen Møklebust fute
etter Harald Olsen Døsland saftig inn i landet om
at mætta seg felles en lede Ungholmets af det
Rosenkroneiske Landsholmenygerneste legat.
At jeg er i trøya din, og før gass komme til
førstegang til mængdaaen Rosentrøfj af toggegut
ind i høi.

Stikkels dets p. 14. Dremtverdige
H. Finns. Johnsen den. Vogn
Torgard Olsen - Møklebust

Døpfeiringens Døgfan i økonomist Gangsmeden, som
er meget mislig.
Kunckenskioldsgade, 15. d. 1874.
B. Bøghen.
Antipal bet. at reger i jan. af 3 Spd.
Rosendal 11. jan. 1874.
J. Hoff Rosenkrone

Harald sin bror og svoger, Torgeir, ber før jul i 1873 Baroni-legatet om «understøttelse» til Marta - «enke efter Harald Olsen Døsland», og får positivt tilsegn fra sokneprest Bessesen som finn at hennar situasjon «økonomisk henstaaende ansees som meget mislig». Baron Gerhard Hoff-Rosenkrone tilrår at Marta «ansees en gave af 3 Spd.» (Foto frå Kvinnherad bygdebok, brevet ligg i Bergen byarkiv/Magistraten)

Problemet med arkivsøk på Harald og andre personar frå den perioden er at dei gjerne opererte med fleire ulike namn og skrivemåtar på namn. Harald blei fødd på Døsland, og brukte også det etternamnet, skrive med både ein og to s-ar. Det var elles vanleg å ta faren sitt førenamn inn i etternamnet, dermed blei det Olsen - eller Olson, Olsson, Olavson.

Familien slo seg ned på Nybø på Myklebust, derfor tok dei etter kvart etternamnet Myklebust, av og til skrive som Møklebust. Ein kan og finna skrivemåten Møkkelbust, Mokkelbost og Muclebost. Det er og observert etternamnet Bergesen Myklebust på Harald, men det må vera feil. Elles er det søkt fånyttes på etternamnet Nybø/Nybøe/Nyboe når det gjeld Harald. Me finn dessutan førenamnet hans skrive som både Harrald og Harrel.

Folketelling for Kongeriget Norge 1ste Januar 1891.

Vermines Herred. Schema 2. Personseddel No. 1.

Tællingskreds No. 12. Husliste No. 27.

1. Født Navn: *Marta Johannesdatter*
 2. Kjen 1) Mandkvin. Kvindskvin.
 3. Stilling til Familiens Hovedperson 2): Selv. Hovedperson, Hustru, Son, Datter, Tjenesetende, Logerende beroende til Familien, enlig Legende, Besøgende
o. s. v.
 4. Ågeskabets Stilling 3) (for Personer over 18 Aar): Ugift, Gift, Eskamand, *Ekte Separeret* efter Berilling, Lovlig frakfrit.
 5. For gifte Kvinder: Et Da og Dares Mand indbyrdes *beklædt*, som Nævneskendeborn (Trenemninger) eller nærmere? Ja, Nej.
 6. Fedrelder: 18 1/2. For Barn under 2 Aar: Fedrelønnaand
 7. Fedested: Herred, Sogn eller By: *Uskedalen*
For de i Ulandet føde: (Landets eller Stedets Navn)
 8. Hvilken Stats Undersant (for dem,
der ikke er norske Undersattler).
 9. Trossamfund (for dem, der ikke tilhøre den norske Statskirke)
 10. For de i selvtandig eller i underordnet Stilling Erhvervende: Erhvervs-
gen (Hovednæring, Bærhverv) og Stilling i samme:
Blomsterhøvding
 11. For de af Andre belt 4) eller delvis 5) Forsørgede:
Forsørgerens Livstilling
 12. Sidsasvag, Davstun eller Blind 6).
 13. Er Sidsasgdommen, Davstumbeden eller Blindheden medfødt (hvormed
ligstilles, at den et kommen Gleyue i de ferste Barneår),
eller er den fremtrændt senere?
 14. For de kun midlertidigt Tilstedevarerende:
midlertidigt Bosted
 15. For de midlertidigt Fraværende:
antagelig Opholdsted
- *) De for hvert Tilfælde passende Ord understreges.

I folketeljinga av 1891 skriv enkje Marta framleis Johannesdatter som etternavn. Ho er registrert som «Husm. uden Jord» og lever på Nybø av husleige, «husgjerningsarbeide» og inntekt av sauehald.

Etter Harald

I 1891 blir det gjennomført ei omfattande folketelling med innhenting av detaljerte opplysningar av dei om lag to millionar menneska som no bur i landet. Kvar person og kvar husstand er registrert på eigne skjema. Ifølgje Marta sin personseddel har ho no tydelegvis overlate krambudrifta til andre, for det står at ho livnærer seg av husleige, husarbeid og dyrestell. «Forhenværende landhandler» står det om henne på sonen Martin sin seddel. Eldstesonen Olav er registrert som tønnearbeidar, og det blir nemnt at han oppheld seg på «Klinikken i Bergen». Han dør 24.juli dette året, i kyrkjeboka for

Kvinnherad får han yrkestittelen «Tjener», mora er namngitt som Marta Johannesdatter og faren feilaktig som Olav Haraldsen. På den 21 år gamle Mandius sin seddel frå 1891 står det «Sjøfart, Matros» som yrke. Martin er registrert som landbruksarbeidar og frukthandlar («for egen Regning»). Om Maren Alette står det at ho er «Tjenestepige», «sysselsatt med kreaturstel og husgjerning» hos Johannes Løvfald.

Bustadnr.	Krets	Namn	Gnr.	Bnr.
0028	015 Uskedalen	Nybg, Myklebust	123	22
Nr.	Namn	Kj. Siv.Bust Fam.	Yrkje	
001	Mandius Haraldsen	m ug b hf	Landhandler og gaardbr	
002	Martin Haraldsen	m ug b broder	Handelsbetj og fisker	
003	Marta Johannesdatter	k e b hm	Husmor	

I ei folketeljing frå 1900 er Mandius Haraldsen yrkestitulert som «Jægteskipper og Jordbruger», broren Martin som «Maler og Fisker», mora Marta som «Jordbrugersenke». Dette året bur det dessutan to ugifte kvinner frå Hatlestrand på Nybø, begge titulert som «Arbeiderske ved Hermetikfabrik».



Mandius som soldat, fotografert av Søstrene von der Fehr på Voss rundt 1890.

1904 er året Mandius skal ha overteke butikkdrifta på Sanden. Landhandlar-statusen hans blir bekrefta i folketeljinga frå 1910, då broren Olav er død og søstera Maren Alette er flytta frå Uskedalen. På bruksnummer 22, gardsnummer 123 Nybø bur det i 1910 berre tre personar; enkje og husmoder Marta på 68 år, saman med sönene Mandius og Martin som no er 40 og 41 år.

I 1911 aukar folketalet på Sanden igjen. Mandius får ei ung kone med samme namn som mora - 22 år gamle Marta Tomasdotter Haugland frå Haugland oppe i Uskedalen. Dei får sonen Olav samme året, deretter følgjer Arne i 1913, Magnhild i 1916, Sølvi i 1919, Maren i 1926, Harald i 1928 og Hjørdis i 1931. Etter å ha vore enkje i over 40 år, dør Marta Johannesdotter Myklebust av lungebetennelse 27.januar 1915, i kyrkjeboka er ho då oppført som «Landhandlerenke».

Den i Sanda-familien som heilt sikkert kom til USA er Maren Alette. Dette er godt dokumentert blant anna i passasjerlistar og innvandrarkiv. Maren Alette og mannen Charles Almquist kjem til New York frå Bergen med SS «Stavangerfjord» 25.oktober 1922. Dei budde før i Haugesund, der dei gifta seg 2.november 1916, ifølgje Maren Alette sin søknad om amerikansk statsborgarskap, som blir innvilga i mai 1930. Berre eit halvt år seinare dør ho.



Maren Alette emigrerer til USA i 1922 saman med sin 17 år yngre svenske ektemann Charles Almquist.

Det spesielle med Maren Alette sin søknad er at ho står oppført med fødselsdato 7.august 1878, og at ho er fødd i «Hardneger, Norway», feilstaving for Hardanger. Også i passasjerlista til SS «Stavangerfjord» og i dødsfall-registeret i Florida er alderen hennar oppgitt med utgangspunkt i 1878 som fødselsår, trass i at ho er seks år eldre. Mannen Charles er fødd i 1889, i Helsingborg i Sverige.



«Lykkens prøve» eller «Sandajekto» fotografert ved Sandakaien ca 1910.

I Uskedalen driv Mandius i tillegg til butikken i kjellaren på gamlehuset også som fraktekar med jekta «Lykkens prøve» (seinare «Signy») - populært kalla «Sandajekto» - saman med søskenbarnet Johan Myklebust. Mandius driv dessutan skipsekspedisjon frå Sandakaien.



Marta og Mandius fotografert på Sa'n i 1926, mor med nyfødde Maren på armen. Til venstre Arne og Olav, til høgre Magnhild og Sølv.



Sanden etter
siste
verdskrig.
(Frå
Kvinnherad-
soga)



Mandius


Når Mandius dør i januar 1945, er det kona Marta som overtek butikkdrifta - med god hjelp frå borna. «Sanda-Marto» står som ansvarleg for «M. Myklebust landhandel» fram til 1962. Då tek dottera Hjørdis over saman med mannen Harald Nilsen, og «M. Myklebust» blir etter kvart til «Nilsen Handel» i nybygget på oppsida av gamlehuset. Marta Myklebust dør i 1971, Harald Nilsen i 1997. I dag er forretningen ein stor og veldriven Spar-butikk, i regi av Hjørdis og Harald sine døtre Gunn Mari og Kjersti og svigerdotter Bente.



Frå Mandius døydde i 1945 til 1962
dreiv «Marto på Sa'n» butikken i gamlahuset som Ole Torgersen bygde i 1863.



Alle sju søskene
på Sa'n -
Harald sine
barnebarn -
samla på 1970-
talet i samband
med ein av
Maren og
mannen
Herman sine
heimturar fra
USA. Frå v.
Maghild, Arne,
Sølvi, Olav,
Maren, Harald,
Hjørdis.



Kjersti til v., Bente og Gunn Mari fører dei
lange butikktradisjonane på Sanden vidare.